

*Er det 50 år sidan sist reform, og går no toget og det er 50 år til neste tog?*

– Nei, det kjem eit nytt tog i neste valperiode. Det kjem fast. Sist reform var Ap i førre valperiode. Før der var det Jern-Erna i 2005. Sjølv om Sanner har kopiert alt Jern-Erna sa i 2005, har han visst gløymt det ti år etter. Dette sa Erna:

”Kommunene må kjenne sin besøkelsestid. Dagens gulrøtter kan være i ferd med å gå ut på dato. Frå 1. juli (!) fjernes noen av de økonomiske virkemidlene som gjør det ekstra lønnsomt for kommunene å slå seg sammen eller utrede slike løsninger. Etter den tid er det ikke sikkert kommunene får støtte til bruforbindelse eller andre infrastrukturtiltak. Det må bli slutt på at staten ”presser” staten på dette punktet.”

Det er ikkje 50 år sidan sist. Dagens kommune-Sanner er ein dårlig kopi av kommunal-Erna.

Folk bør ikkje bite på styresmaktene sine halvsanningar, men gjere som tidlegare – seie ja til dagens demokrati, sjølvråderett og ”Ja til eiga kommune.”